



Liv Janne Drange
Hopsdalsvegen 77
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14515 - 20/71272

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
11.11.2020

Landbrukssak gbnr 193/2 Mundal Øvre - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 1203/20

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Liv Janne Drange løyve til bygging av omsøkt veg på gbnr 193/2 Mundal Øvre.

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida med vegen må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast.
- Vegen skal byggast som ømsøkt.
- Avstand til nabogrense skal vere minimum 4m om ikkje anna er avtalt.

Vedtaket er gyldig til 30.11.2023. Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyve, fell løyvet bort jf. Forskrift 2015-05-28-550, paragraf 3-2

Saka gjeld

Liv Janne Drange søkar om bygging av ca 200 meter landbruksveg i vegklasse 7, landbruksvegforskrifta, og er estimert til ca kr 50 000,-.

Vegen skal gje tilkomst til landbruksareal, ta ut skog på eigedommen samt gje ein veg for lufting/trening av hestar. Det er kommen inn ein merknad frå nabo etter nabovarsling innan fristen der det kjem fram fleire privatrettslege moment. Dette er private rettar som partane må løysa sjølve.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Privatrettslege tilhøve

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eiger grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpe med.

VURDERING:

Planlagd veg vil gje betre tilkomst til bratt areal og gje moglegheit for å ta ut skog langs vegen. Vegen vil og gje moglegheiter for trening/luffing av hestar. Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og Artsdatabanken og det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i området. Saka har vært på høyring hos Vestland fylkeskommune og hos Fylkesmannen i Vestland.

Sjå svar frå Vestland fylkeskommune:

«

Vestland fylkeskommune viser til brev datert 25.08.20 med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 193, bnr. 2 Øvre Mundal, Alver kommune. Seksjon for kulturarv har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med vegen. Det er ikkje opplyst i saka om lokale kulturminne. Vestland fylkeskommune har slik ingen avgjerande merknader i saka. Området er ikkje synfare, me ber slik om at ein under opparbeiding av vegen prøver å unngå inngrep, i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet på funnstaden stansast til rette mynde har vurdert funnet.

Me ynskjer å informere tiltakshavar/grunneigar om at Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv også skal varslast om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova. Varselet skal innehalde følgande informasjon:

- **Gnr - Bnr - kommune**
- **Kart over hogstområde og eventuelle planlagte driftsvegar, velteplassar, m.m.**
- **Info om eventuelt kjende kulturminneverdiar i området.**
- **Planlagt oppstartsdato**
- **Kontaktperson - e-post og organisasjonsnummer**

«

Regelverk

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 201 5-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/14515

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gbnr 193/2 - Mundal Øvre
AcosSvarInn.xml

Mottakarar:

Liv Janne Drange

Hopsdalsvegen 77

5915

HJELMÅS